Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Folkelege musikkinstrument.

Oppskr. av: Lars Fosstveit

(adresse): Holt um Tvedestrand

Fylke: Aust Agder

Herad: Holt.

Bygdelag:

Gard: Fosstveit

G.nr. 57 Br.nr. 17.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Eg har røkja etter millom musikk-interessera og musikk-kunnige folk um dei kjenner til nokon som kjenner til musikk-tradisjonar her frå bygda – eller iminsto naraste umkverve. Men diverre veit nok ingen annan noko meir um dette enn det eg sjøl veit – og det er jammgodt med inkje.

Men eit høfleg spursmål fortener i alle høve eit svar, og difor lyt eg setja upp so intelligent og klok mine som berre råd er – og svare best mogeleg.

## I. Fele.

Fela har vissa vore i bruk her ifrå gamalt av. Og ikkje so få feler har der vore kring i hus og hytte heller høgrast alt eit for.

Men det har vore berre sokalla flatfele eller bjøkfele. Dusinfele er eit lite bruka uttrykk her men ikkje heilt ukjent.

906

II **Hardingfele**

har truleg ikkje vore bruka her før i dette århundre (etter 1900åra) Det er sansen og kjennskapen til folkeviser og folkevise-leik som har auka interessen for hardingfelespel. Men eg veit kje anna enn to menn her i bygda som eig og brukar hardingfele til jamnan. Den eine er sjølv felemakar (Andreas Løvland, Vestgrenda p.o. pr. Tvedestrand)) (Den andre er gartner Halvor Holt, pr. Tvedestrand. Han har drive mykje som leikleidar — Eg har kjøpt ei h. fele av A. Løvland.))

III **Nykkelharpe** — ukjend her i bruk.

IV **Vanleg harpe** — " — "

men det som kallast harpeleik (citer) har gjo vore i bruk sidan 1890 åra.

V **Langeleik** heilt ukjend her.

VI **Humle** — " —

VII **Salmodikon** — vart praktisk talt berre bruka av seminaristar som ikkje var flinke nok til å greie å taka eksamen på fela.

VIII **Ropar** — ikkje i bruk her.

IX **Lur**. Dei som var i bruk her var laga av borken på oretre. Ein fann seg ein kvistfri stamme og skar i skruegang so langt ein kunde og fletta so borkremsa av i eit stykkje. Og so rulla ein dette stykket vanleg saman so det fekk lurfasong. Ein stakk gjerne ein pinne eller two gjenom borken i nedste enden (den vidaste)



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

for å halda det heile saman.
Höyrde aldri tale um leikehol
i desse instrumenta.
X Prillarhorn – ukjend her.
Men det hende at enkelte skar
ut stute- eller kuhorn til einslags
lur. Dei og utan leikehol.
XI Vanleg flöyte kom og i bruk
i siste delen av fyrre hundreår.
XII Men seljeflöyte – i den tida
ein kunde snu av seljeborken – vart
mykje bruka – av större gutungar iminsto.
Enkelte laga hol for fingersetning og
spela enkle melodiar på dei.
XIII Sekkepipe – ukjend her.
XIV. Munnharpe. Litt i bruk i noko
seinare tid – helst då av gutar som
ikkje var „kapitalistar" so dei hadde
råd til å kaupa munnspel!
XV. Spikefele. Ukjend. Endåtil
namnet er ukjent her.
XVI. Tromme. Ikkje almennt kjend her
fyrr der i siste lutar av fyrr. hundra-
år vart skipa orkester i Tvedestrand
og noko seinare i Holt.

Byinstrument.

Sto klaver finnast her piano (og orgel)
ikkje so få staden i bygda.
Gitar og mandolin brukast og mykje,
serleg av religiose „musikkor".
Trekkspel er vorte „danseinstrument" fyrst ~~i krig~~ 1913–14.

4

orkesterinstrument som bratsch, obo, cello, kontrabas o. s. b. er sjølsagt sjeldne framleis. I 1890 åra skipa lærar Nicolay-Olsen på Østerå eit flott strykeorkester i barnelosjen der. Dei vart so gode at dei tilmed spela utanlands - i Danmark m. a. Det døydde med han. På Nesverk har i mange år vore eit blåseorkester. Lege nere litt under og då men har no gjenge bra i mange år. Elles har det vore små orkester (kvartetter og sekst) både her og der i bygda. Men der er svinna av att. Mange var med i militærmusikken på Gimlemoen eller andre moar og skulde ha noko i same lid heime.

Då bygda ligg rundt Tvedestrand med Risør og Arendal som nære grannar fekk jo Holtingane nokso tidleg høyra „moderne" musikk, anten det av godt solopræstasjonar eller orkestermusikk. Ein kan difor ikkje rekna med at det, at der kom nyare slag instrument til bygda, gjorde noko større til å modernisere smaken. Våre felespelarar spela nok det dei kalla gamle slåttar. Men verkeleg nasjonalmusikk var det ikkje stórt av likevel! Dansane var vals, hambo all. polka, mazurka, wienerkreuz, ril og gamal rheinländer. Halling vart vist aldri dansa her - og springar svært lite. So „slåttane" var nok berre heilt eldre musikk av nyare slag enn vår ekte folkemusikk - med få undantak

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

III

# Larminstrument.

Av slike (før jazzen og den synkoperte landeplage utfylgje med saksofonene skapte "tidsmessige" larminstrument) kjenner eg berre Kråkesmella.

Den var laga som ein kvernekall og med 4 kanta aksel. Mot akselen var festa ei flat treflis som ga ein kvass smell kvargong aksen gjekk rundt so eit av akselhjørna bende flisa ut.

Denna kvernkallen vart gjerne festa fast – eller saman – med ein sokalla fløy som snudde seg etter vinden. Kallen vart då stående slik at vinden dreiv den – kva retning den enn kom frå. Og so plaserte dei då kallen i frukttre – på åkeren – eller kvarhelst det no gjaldt å holda skadefugl burte.

Klokkespel, triangel, xylofon o.a. kjenner me frå „ordentlig" musikk.

Og „moderne instrument" som to halve kokosnøttskal, tinplater, ein navar dei dreg ein spiker eller annan jernting langs – m.m. er jå torturinstrument me heller ikkje er kjent med.

Bolk D. mellomalderlege instrument er ikkje å seggja um.

Felestrengene var - som strenger flest i eldre tid - av tarmar - men felekvinten - E. - av stål.

Har aldri höyrd nokon har laga strenger hérumkring.

Den fyrste felemakaren me kjenner her er - som fyr nemnd - fhv. tolder i Kina rentier Andreas Livland, Nesgrenda p.o.

Då han fyrst byrja med „makeriet" sett etter fyrre verdskrig, ea instrumenta han brukar til å laga instrument med, heilt moderne. Han har og laga eine gitar eller to - og reparerer allslags strengeinstrument.

Eldre spelemenn brukte gjerne å halda fela heilt nede på bryste - når dei spela - og so trampa dei takten so det rektig dundra. Eg kjenner sjölv ein gamal spelemann som både heldt fela på brystet og so heldt han fela slik at han måtte stryka med bogen nesten heilt loddrett - upp og ned - istadenfor att og fram. Men spör om det ikkje låt fint likevel!

Overtru eller segner veit ingen om i forbindelse med musikkinstrument.

Nokon sers flinke spelemenn har ikkje bygda fostra. Den beste er vissa organist (og felespelar) Stoep Gustavsen i Kongsvingen. Men han er moderne fiolinist og fødd ~~[illegible]~~ i 1890 åra.

Men av spelemenn som var velkjende i Holt og naraste bygder hadde me då nokre i fyrre hundreåra.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

IV

Den som var rekna for den beste heitte Hans Modum. Foreldri var frå Buskerud.

Bonde Nils Lövland (far åt felemakaren) hadde hogge av seg vinstre ~~[illegible]~~ fingren men brukka veslefingren istaden so godt at han vart rekna for meisterspelar.

Og so min bestefar, Halvor Skjerkholt. Han skal ha eigd den beste fela i bygda. Mange dansa nok når han spela. Men so var han og ordförar og stortingsmann i mange år, so det vart nokk dans på ymse vis. Då han döjdde, kom fela hans til ein annan velkjend spelmann Torbjörn Bjelland. Sonesonen lensmann B. Bjelland eig enno fela. T. Bjelland har bl.a. spela inn nokre slåttar for ~~folk som~~ har fare rundt og ~~samla~~ inn folketonar.

Tor Roa, Nesvik, var også ein god spelemann.

Alle desse hadde sin „glansperiode" frå ikring 1850 og utover.

Ein mykje brukt dansespelmann på klarinett i same tidsrom var Aksel Nodland.